

VELKOMEN TIL ROGNE INTERNAT



Me håpar at du vil få ei kjekk oppleving på internatet vårt! Du vil få mange gode opplevingar gjennom skuleåret og kan knyte varige venskap med andre.

INFORMASJON OM PRAKTISERING AV REGLAR OG ANNA PÅ INTERNATET

Me får ofte spørsmål om reglar, åtvaringar o.l frå elevar som bur på internatet. Dei reglane me har, er her fordi me vil at internatet skal vera ein god stad å bu for alle. Alle elevar underteiknar ein internatkontrakt ved innflytting. Dette dokumentet regulerer rammer og reglar for alle som bur på internatet. Brot på desse reglane kan føre til åtvaringar eller eventuelt utvisning. Dersom du øydelegg noko av internatet sitt inventar og utstyr som, må du erstatta dette.

Nattevakt har ein vekkjerunden mellom kl 07.00-07.15. Nattevakt melder ifrå til skulen dersom nokon er blitt sjuke og ikkje kan møta til timane på skulen. Saman med nattevakt vil ein

kunna hjelpa elevar som treng ei oppfylging dersom det trengs.

Det blir forventa ein god oppførsel av alle som bur på internatet. Stell fint med kvarandre og med utstyr og møblement, viktig at ein tek ansvar for sin eigen busituasjon . Eleven har plikt til å møta på timane og undervisninga kvar dag, og har også plikt til å ta omsyn til dei andre i bufellesskapet på internatet.

Frå kl 23.00 skal det vera ro på internatet og alle må vera på sine eigne rom. Det er greitt å gjera avtale med nattevakta om du har vore på kino osv. og kjem seint tilbake. Det er då ein føresetnad at du går rett til rommet ditt, og er så stille som mogeleg. Det er lytt på internatet, og alle skal sikrast ro når det er natt. Elevar som er oppe etter kl. 23.00, og som står opp om natta for å besøkje andre, får ei åtvaring fyrst, og om dette gjentek seg vert det utvising frå internatet for inntil ei veke.

Det blir sett opp ordensvaktar for kvar etasje. Vedkomande skal syte for at det er ryddig på fellesområda, og rydde og ordne på kjøkkenet. Dette er også eit ansvar alle har. Hugs at du må ordna opp med **VASK** og **RYDD** når du har brukt noko på kjøkkenet!

Eit rom som er reint og ryddig er kjekt å bu i. Me må difor ha god orden og god hygiene på internatet og på romma våre. Du må vaske rommet og badet ditt kvar veka, og du må støvsuge/tørke støv. Det vert gjennomført rom-inspeksjon kvar onsdagskveld klokka **19.00**. Eleven får godkjent eller ikkje på rom-inspeksjonen. Dersom det ikkje blir godkjent blir det ny sjekk neste dag. Visst det framleis ikkje er godkjent, får eleven ei åtvaring. Får du fleire åtvaringar kan reinhaldar gå inn og rydde/vaske rommet ditt, og du får tillegg på fakturaen den månaden med **kr. 600,-**. Vasking av fellesareal er det reinhaldar som syter for, men det er bebuarane som må vera med å halda orden gangar og fellesrom.

Rusmiddel

Bruk av alkohol eller andre rusmiddel fører utan omsyn til ei vebes utvisning frå internatet. Dette gjeld også om du oppheld deg på rom/områder der dette skjer, sjølv om du ikkje brukar noko av dette sjølv. Funn av narkotika blir politianmeldt med ein gong!

Praktisk informasjon om

STILLETID

På internatet har me stilletid/leksetid ifrå kl. 17.00 – 18.30 (måndag – torsdag). Dette har me for at elevar skal få ha det stille når det gjer lekser eller kviler seg.

KJØKKEN

Viktig at kvar og ein ryddar etter seg slik at det er reint og ryddig når du er ferdig med ditt.

Utstyret på kjøkkenet kan nyttast av alle som bur i etasjen. Ein skal ikkje hente utstyr i frå kjøkkena i dei andre etasjane.

Det er ikkje lov til å ta med seg kjøkkenutstyr inn på rommet.

KJØLESKÅP

Dei som skal bruke kjøleskåp/frys, må leggje varene sine i ein boks som er merka med namnet sitt. Kjøleskåpet blir sjekka saman med eleven ved rom-inspeksjon. Grunnen er at me ikkje vil ha gamal mat/drikke som har gått ut på dato i kjøleskåpet.

KJELDESORTERING

På internatet har me denne kjeldesorteringa; BIO – GLAS/METALL - REST – PAPIR. Det vil sei at me har diverse bosbøtter der du sorterer der det høyrer heime. I tillegg gjer du reint alle boksar, kartongar, ketsjupflasker osv. før du legg dei i boksen. Glas og metall skal og reingjerast, og leggjast i spann under kjøkkendisken, eller at du går ut med det.

NB! Pizzaøskjer, mjølkekartongar, isboksar, m.m, tek du med deg utanfor inngangen og flatpakkar og legg det i rett bos-spann som er merka PAPIR.

VASKEROMMET

Me har 4. stk. vaskemaskiner og 4. stk. turketromlar ned på vaske-rommet til bruk. Forlat ikkje internatet når du brukar maskinene. Då kan det føra til at nestemann som skal bruka maskinene tek ut kleda og legg dei rett på golvet. TIPS: set på alarmen på telefonen din slik

at du har cirka tid når maskina er ferdig. Då går ned og hentar ut tøyet ditt slik at det er klart til neste mann/kvinne. Det er ikkje lov til å setja noko oppå maskinene som f.eks. vaskemiddel. Når maskinene då sentrifugerar, ramlar vaskemiddelet ofte på golvet, og det er og dårleg økonomis for deg + at reinhaldar blir sur.

NB! Alle maskiner skal vera ferdige til seinast kl. 22.45, ikkje lov til å vaske noko ettet dette klokkeslettet, pga. av brannfare og at det skal vera stille då!

Toalettpapir og vaskeutstyr må Du halda sjølv. (TIPS: billig å kjøpa på Europris).

NB! Hugs og rydd opp etter deg på vaskerommet/turkerommet!

INTERNET

Internett blir slått av **kl. 24.00** kvar kveld (sundag – fredag). I helgane er internett ope. Grunnen til at me har valgt å stengja internett kl. 24.00., er at elevar ikkje skal bli freista til å sitje ope langt ut over natta, og ikkje klarer å stå opp att neste skuledag!

DAGLEG AVKRYSSING

Nede ved vaktrommet er det eit avkryssningsskjema der du kryssar deg ut kvar morgon, og kryssar deg innatt når du kjem ifrå skulen. Er du sjuk gjev du beskjed til vakta og kryssar deg sjuk på skjemaet. Når du skal vera borte ifrå internatet, f.eks. reiser heim, besøk osv. skal du og krysse deg av for borte. Dette er spesielt VIKTIG, slik at me veit kven som er på internatet om natta, i tilfelle det oppstår f.eks. ein brannsituasjon. Om du vil kan du levera inn nykkelen til vakta, slik at du slepp og miste nyklane dine. Om Du lurar på noko er det berre å kome innom for ein prat.

ROMMET DITT OG SIKKERHEIT

NB! Hugs og hald rommet ditt låst til ei kvar tid! (det er på eige ansvar).

- Det me tillèt å ha på rommet ditt av elektrisk utstyr er:
Pc, Playstation, Tv (flatskjerm), kjøleskåp av nyare dato.
- Du må ikkje tørka klede på rommet ditt. Tildekking av omn er svært brannfarleg og må ikkje førekoma.
- Du kan ikkje bruka noko form for open eld inne på rommet ditt (levande lys, gassbrennar..)
- Det er ikkje lov til å lada noko om natta, eller når du ikkje er til stades. Du har heller ikkje lov til å bruka skøyteleidning i skøyteledning (særs brannfare).

NB! Andre elektriske artikler som brødrister, ostemaskin, vaffeljern osv. må **kun** brukast til eigna stikkontakter på kjøkkenet. (stikkontakter som har rett kurs for dette).

Utgangsdør med kodelås

Det er **STRENGT** forbode å gjeva ifrå seg koden til utgangsdøra til andre enn dei som bur på internatet. På grunn av sikkerheita vil me ikkje risikera at vener eller utanforståande personar for tilgang til internatet. **Skjul** koden særst godt om det står framande folk bak deg. (Du gjer vel det same med Visa-kortet ditt?).

Aktivitetsrom

Nedi i aktivitetsrommet har me laga til ein liten trim avdeling med vekter og multi treningsapparat og eit bordtennisbord med utstyr. Rommet er ope mellom kl. 16.00 – 22.00.

Overnattingsbesøk

Elevar kan ha to overnattingsbesøk i løpet av ein månad. Overnatting i ei helg, frå fredag til søndag, vert rekna som ei overnatting. Du må søkje skriftleg til internatleiar innan kl. **21.00** kvelden før du skal ha besøk. Skal du søkje om overnatting ei helg, må internatleiar ha søknaden innan **torsdag** kl. 21.00. NB! Er du under 18. år må me ha løyve ifrå føresette. Søknadsskjemaet hentar du på **It's Learning** under faget **Internatleiar**, og fyller ut og sender til Internatleiar.

Besøk på internatet

Alle gjester skal vera ute av internatet seinast kl. 22.00. Når du skal ha besøk skal du møte dei nede ved utgangsdøra (ikkje gjev ut koden til nokon). Vener har ikkje lov til å opphalde seg på internatet, utan at du er tilstades. Dette er på grunn av av me må ha oversikt over kven som er her til ei kvar tid, og slik at ikkje framande tek seg til rette inne på internatet. (dette kan og gjelda f.eks. tjuveri av ting, mat osv.).

NØDUTGANGAR OG I GANGANE ELLERS!

På grunn av brannføreskriftene skal det ikkje setjast noko i eller utanfor brannutgangar, eller i gangane! **Dei må til ei kvar tid ved rømningsfrie!**

Ordensvakter for fellesromma!

På internatet vil alle etter tur få oppdrag som ein må utføre.

Du som har vakt den aktuelle veka, har ansvaret for at fellesområdet i din etasje blir halden ryddig. Du vil ha vakt ifrå sundag – fredag den aktuelle veka di. Det vil sei at du tek ansvar for at det er ryddig på kjøkkenet og i stova, og arbeidsoppgåver er setja i og ta ut av oppvaskmaskina, ta ut boset og lag til med nye bosposar. Du må vera ferdig med ryddinga til seinast **kl. 23.00**. Om du ikkje møter til vakta di, vil det føre til merknad!

Er det ein kveld du ikkje kan ha ordensvakt, må du syte for å byte med ein annan elev!

Er noko uklart, ta kontakt med den som er på vakt!

BRANNALARM

Er tilknytt brannsentralen i Bergen. Går brannalarmen har me 5. minutt før brannsentralen i Bergen for melding. På Branntavla står det kva rom som er utløyst av brannalarmen. Sjekk aktuelt rom, ring 110 innan 5. minutt er gått, og event. gje beskjed om det er ekte eller falsk alarm.

Blir brannalarmen utløyst med vilje, vil det straks føre utvisning, og i tillegg må du må betale rekninga for utrykking frå Brannvesenet.

BOD I KJELLAREN

Alle vil få ein nøkkel til ei personleg bod i kjellaren. Same nummer som du har på rommet ditt! (Du må kjøpe hengjelås sjølv). Du må gå ut av internatet og rundt bygget til venstre når du skal i boda. Her kan du ha ski, sykkel, koffert... TIPS: Kan vere lurt å setje sykkelen ned i boda di om du reiser heim i helgane!

SÆRS VIKTIG! HUSG OG LÅS UTEDØRA ETTER DEG NÅR DU HAR VORE I BODA!

RØYKING

Det er ikkje lov til å røykja inne i eller ved inngangen til internatet. Internatet er røykfritt område, men for å unngå smugrøykjing i gangar og kjellar, er det inntil vidare godkjent at ein står og røykjer nede ved grindverksbygget.

Bemanning på internatet

Internatleiar **Marit Glimme**: mån – tors kl.

13.30-21.00, fre 07.30 -15.00.

Reinhaldar **XXXX**: mån– fre kl. 07.00 – 14.30.

Miljøfagarbeidar **Torunn Sorteberglien** mån– fre
kl. 14.30-22.00

Nattevakt/miljøarb **Magnar Skjerdal /**

Stein Tore Klovning mån– fre kl. 21.30-08.30.

Nattevakt/miljøarb **Inger Karin Skutle** helg fre-
mån 15.00-09.00, og søndag i tillegg frå 13.30-
22.00.

Korleis treffer føresette/elevar dei tilsette ?

Internatleiar - **90 29 99 15** epost:

Marit.Skutle.Glimme@hfk.no

Miljøarbeidar - **95 23 46 02**

Nattevakt - **95 23 46 02**

**Adressa til internatet er: Rogne internat,
Sjukehusvegen 1, 5704 Voss**

**Laurdag /sundag mellom kl. 09.00 – 15.00 er
det ikkje tilsette på internatet!**

Viktige tlf. nr

Brann: 110

Politi: 112 + Bruk **02800** for å kontakte ditt lokale politi om du er i vanskar

Lækjarvakt: 116117

Drosje: 56 51 13 40

Nattevakt: 95 23 46 02